



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Kommunestyre

<b>Møtested:</b>	Kommunestyresalen, 3.etg. Rådhuset
<b>Møtedato:</b>	07.05.2015
<b>Tidspunkt:</b>	16:00 - 18:40

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 026/15 - 030/15**

#### Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)  
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)  
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)  
FRP - Hogne Bleie (Medlem)  
KRF - Dag Almanning (Medlem)  
SP - Asgeir Solheim (Medlem)  
SV - Viviann Midtbø (Medlem)  
AP - Frode Falkevik Kupaen (Medlem)  
FRP - Sølvi Grov (Medlem)  
H - Inger Grethe Dalehamn (Medlem)  
KRF - John Inge Refvik (Medlem)  
SP - Reiel Fagerlid (Medlem)  
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)  
AP - Helen Hjertaas (Medlem)  
UAVHENGIG - Lars Truls Kjølén (Medlem)  
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)  
SP - Nils Isak Myklebust (Medlem)  
V - Geir Arne Solheim (Medlem)  
FRP - Kjell-Bjørn Refvik (Medlem)  
H - Reidun Synnøve Blaalid (Medlem)  
SP - Terje Kolseth (Medlem)  
V - Selma Strand Larsen (Medlem)  
H - Paul Inge Angelshaug (Medlem)  
H - Øystein Kjartan Sandøy (Medlem)  
H - Anett Berg (Medlem)

#### Varamedlemmer:

H - Rune Henden (Varamedlem)  
V - Vegard Åstebøl Larssen (Varamedlem)

#### Forfall:

V - Marit Sætren (Medlem)

Av 26 medlemmer møtte: 25. Totalt frammøtte: 27.

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite, kommunalsjef Jeanette Jensen, kommunalsjef Ove Aksnes, økonomisjef Norvall Bakke og tjenesteleder eiendom Frode Weltzien.

Måløy, 07.05.2015

Morten A. Hagen  
ordfører

Øystein Sandøy

Viviann Midtbø

Irene Sivertsen  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
026/15	Godkjenning av møteprotokoll	
027/15	Referatsaker	
028/15	Vågsøy ungdomsskule - anbud nybygg/rehabilitering 2015	
029/15	Kjøp av eiendom - Geir Sandal AS	
030/15	Lokale forskrifter - Åpen brenning og brenning av avfall i småovner - Feiing og tilsyn av fyringsanlegg - Tilsyn i brannobjekter	

### Signering av møteprotokoll:

Kommunestyret valgte enstemmig repr. Øystein Sandøy og repr. Viviann Midtbø til å signere møteprotokollen.

### Temadag kystkommune 13.05.2015:

Ordfører Morten A. Hagen påminte Formannskapet om påmeldingsfristen som er i morgen, 08.05.2015.

### Nordfjord Vekst:

Styreleder Geir Arne Solheim presenterte ny daglig leder i Nordfjord Vekst, Randi P. Humborstad. Styreleder og daglig leder ga Kommunestyret ei orientering om Strategi- og handlingsplanen for 2015.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	07.05.2015	026/15

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 15/517	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
-----------------------------------	------------------------	--

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 07.05.2015 Kommunestyre

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

K-026/15

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 26.03.2015 ligger i Politikerportalen og på kommunens hjemmeside.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	07.05.2015	027/15

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 15/516	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
-----------------------------------	------------------------	--

### Referatsaker

### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### 07.05.2015 Kommunestyre

#### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

K-027/15

### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

### Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/4584	10.04.2015	Norges vassdrags- og energidirektorat NVE	Vedtak om godkjenning av VTA-ansvarlig
2	15/4638	17.04.2015	Norges Vassdrags- og energidirektorat NVE	Sekundærdam Skramsvatn i Vågsøy kommune - Godkjenning av tekniske planar for fornying - vedtak
3	15/4685	20.04.2015	Nomil	Slam i kommunane
4	15/4434	14.04.2015	Nomil	Hovudutskrift frå Representantskapsmøtet - NoMil AS - 10.04.2015
5	15/5123	29.04.2015	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartementet	Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereformen





SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	07.05.2015	028/15
Formannskap	23.04.2015	048/15

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/288	<b>Saksansvarleg:</b> Knut Ove Leite
---	-------------------------------	---

## Vågsøy ungdomsskule - anbud nybygg/rehabilitering 2015

### Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommunestyre vedtek å gå vidare med anbudet frå Skanska AS når det gjeld bygging av ny Vågsøy ungdomsskule. Dette basert på evalueringsskriv dagsett 09.04.2015 frå Nordplan AS.
2. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne endeleg kontrakt.
3. Økonomiplan 2016-2018 blir å endre i samband med Økonomimelding I i høve økonomiske konsekvensar av auka pris i høve gjeldande Økonomiplan.

### 23.04.2015 Formannskap

#### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite endret sin innstilling i pkt. 2:

«2. Kommunestyret godkjenner endeleg kontrakt.»

KrF v/repr. Dag Almenning fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling i pkt. 3:

«Endring av Økonomiplan 2016 – 2018 må være godkjent av kommunestyret før kontrakt vert inngått.»

SP v/repr. Asgeir Solheim fremmet nytt pkt. 4 til rådmannens innstilling:

«Det skal framlegges en total kostnad på en ny ungdomsskule, med alle kostnader innarbeidet i en totalsum inkl. midlertidig skole på Tennebø.»

### Votering

Det ble votert samlet over rådmannens innstilling i pkt 1, rådmannens endrede innstilling i pkt. 2 og KrF sitt endringsforslag i pkt. 3.

Enstemmig vedtatt.

Det ble deretter votert over nytt pkt. 4 fremmet av SP v/repr. Asgeir Solheim. Enstemmig vedtatt.

F-048/15

### **Vedtak:**

1. Vågsøy kommunestyre vedtek å gå vidare med anbodet frå Skanska AS når det gjeld bygging av ny Vågsøy ungdomsskule. Dette basert på evalueringsskriv dagsett 09.04.2015 frå Nordplan AS.
2. Kommunestyret godkjenner endeleg kontrakt.
3. Endring av Økonomiplan 2016 – 2018 må være godkjent av kommunestyret før kontrakt vert inngått.
4. Det skal framlegges en total kostnad på en ny ungdomsskule, med alle kostnader innarbeidet i en totalsum inkl. midlertidig skole på Tennebø.

## **07.05.2015 Kommunestyre**

### **Møtebehandling:**

Ordfører Morten A. Hagen, tjenesteleder eiendom Frode Weltzien og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Tjenesteleder eiendom, Frode Weltzien, gikk gjennom vedlegget «Kopi av kostnadsoverslag for ny skole - 06.05.2015» som ble lagt til i K-sak «028/15 Vågsøy ungdomsskule - anbud nybygg/rehabilitering 2015» i dag.

Kommunestyret gjennomførte gruppeledersamling før behandling av saken.

FrP, Sp og Bryggjalista fremmet nye tilleggspunkt til rådmannens innstilling:

- «5. Det utarbeides en kalkyle for oppgradering av idrettsanlegget på VUS. Ekstern kompetanse benyttes.
6. Det utarbeides planer for, og det innhentes kostnadstilbud på å kunne motta handikappede elever på nybygg for ungdomsskolen.
7. Det utarbeides en alternativ kostnadsanalyse for å foreta nødvendig vedlikehold, imøtekomme myndighetskrav og å installere moderne varmeanlegg på eksisterende VUS. Ekstern kompetanse benyttes.
8. Det utarbeides en kalkyle for alternativ plassering av nybygg for VUS på Tennebø, der det ikke bygges nytt idrettsanlegg. Det forutsettes at Nordfjordhallen benyttes til idrettsdel. Ekstern kompetanse benyttes.»

### **Votering**

Det ble først votert over tilleggspunkt 5. Forslag til tilleggspunkt falt med 19 stemmer.

Tilleggspunkt 6 ble votert over. Forslag til tilleggspunkt falt med 19 stemmer.

Tilleggspunkt 7 ble votert over. Forslag til tilleggspunkt falt med 19 stemmer.

Tilleggspunkt 8 ble votert over. Forslag til tilleggspunkt falt med 19 stemmer.

Rådmannens innstilling ble til slutt votert over, og ble vedtatt mot 4 stemmer.

K-028/15

### **Vedtak:**

1. Vågsøy kommunestyre vedtek å gå vidare med anbodet frå Skanska AS når det gjeld bygging av ny Vågsøy ungdomsskule. Dette basert på evalueringsskriv dagsett 09.04.2015 frå Nordplan AS.
2. Kommunestyret godkjenner endeleg kontrakt.



3. Endring av Økonomiplan 2016 – 2018 må være godkjent av kommunestyret før kontrakt vert inngått.
4. Det skal framlegges en total kostnad på en ny ungdomsskule, med alle kostnader innarbeidet i en totalsum inkl. midlertidig skole på Tennebø.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Opplæringslova  
Kommunelova  
Innkjøpsreglementet  
Skulebruksplanen

## Bakgrunn for saka

Vågsøy kommunestyre har vedteke å bygge ny ungdomsskule på eksisterande tomt i Måløy. Dette basert på at hovuddelen av eksisterande anlegg vert rive og erstatta av nybygg. Kroppsøvingsfløya vert oppretthalden og er ikkje med i planane no.

Det er føresett at det i byggeperioden vert sett opp eit mellombels paviljongbygg ved Nordfjordhallen for ungdomsskulen, der ein i tillegg til paviljongen nyttar lokale i Nordfjordhallen og ved Måløy vgsk.

Paviljongbygget er lyst ut på anbod med svarfrist 5. mai. Kommunestyret vil få seg førelagt dette på første påfølgjande møte. Slik saka står no med dette, er det ikkje mogleg å flytte elevane før frå haustferien.

## Saksopplysningar / fakta

Prosjektet med ny ungdomsskule har vore ute på anbod og det har meldt seg 3 tilbydarar:

1. HENT	Kr. 137.784.115,- ekskl. mva
2. Veidekke	Kr. 126.642.091,- ekskl. mva
3. Skanska	Kr. 110.314.924,- ekskl. mva

Prisane er ekskl. mva og inventar. Elles inneheld dei alle kostnader med riving og leveringa av ein ny ungdomsskule som beskrive i grunnlaget. Kroppsøvingsavdelinga er ikkje med i prosjektet. Prisane inneheld også 1 års teknisk oppfølging/vaktmestertjenester.

Kommunen har leigd Nordplan AS til å gå gjennom anboda og evaluere dei etter dei kriteria evalueringa skal skje etter kunngjort i anbodsgrunnlaget. Pris er vekta 45%, andre vurderinga som kvalitet er vekta i sum 55%. Vektinga har skjedd etter ein skala 1- 10. 10 er beste vurdering, Der tilboda er like på enkeltkriterie, blir det gitt lik gradering på skalaen.

Alle 3 leverandørane har vald å levere tilbod på ny skule og riving av eksisterande. I høve alternativet med rehabilitering siterer ein frå HENT sitt tilbod:

*«Et av kravene er at den nye skolen skal tilfredsstillte TEK10. Det å imøtekomme alle krav i TEK10 på et skolebygg fra 1963/64 anser vi som ytterst vanskelig og meget kostnadskrevenende. Vi har ansett dette som en dårlig løsning på alle måter, spesielt driftsmessig. Det å løse kravene til universell utforming i det eksisterende bygget er veldig lite gunstig med tanke på brukerne som har behov for universell utforming. Det er for mange nivå i bygget, og det vil med det bli behov for mange ramper og løfteplattformer for å imøtekomme aktuelle krav. Det å legge radonsperre i et eksisterende byggkonstruksjon har også vist seg vanskelig, selv om det er gjennomførbart.*

*Kravene i TEK10 med tanke på bæreevne i eksisterende konstruksjon er et annet element til at vi sjelden kan anbefale rehabilitering når det er behov for hovedombygging, slik det gjør det ved Vågsøy skole.*

Som en «pekepinn» kan en si at investeringskostnaden utgjør 5% av den totale kostnaden knyttet til et skolebygg over dets levetid. Derfor er det meget dyrt å bruke mindre gode tekniske og driftsmessige løsninger.»

Kort oppsummert omtale av prosjekta: Bruttoareal er bebygd areal, Nettoareal er beskrive romprogram. I kommunen si prognose var disse tala høvesvis 4.760 m<sup>2</sup> og 3.310 m<sup>2</sup>.

#### **HENT**

Forslaget har ein arealstorleik på 3232 m<sup>2</sup> NTA, 55 m<sup>2</sup> meirforbruk. 4.656 BTA Prosjektframlegget er grundig og godt gjennomtenkt og utforma. Tre hovudformer er lagt som «tripp-trapp» i terrenget og utnyttar den skrånande tomte på ein god måte. Prosjektet har ein godt og lett synleg tilkomst frå Gate 4 med parkering for 18 bilar, 30 sykklar og 30 mopedar. Men også to tilkomstar frå Gate 5 med parkeringsplass for 14 bilar på den ein og 3 parkeringsplassar for HK på den andre. Denne tilkomsten er spesiell for tilsette som kjem inn i bygget på nest øvste nivå. Dette tilkomstskillet er særst tydeleg og er godt løyst.

Utomhusarealet er også godt organisert med leikeplass trinn for trinn, men samstundes plass til elevsamvær på tvers av alder. Elevsamvær på tvers av trinna er også lagt til rette for innvendig med eit sentralt amfi. Kantine med plass til 250 elevar samstundes synest derimot å vere vanskeleg å få til. I alle fall må mykje av sentralhallen nyttast ved slike høve. Kravet om «reint og tørt bygg» er godt løyst i plan. Elevstraumen kan styrast gjennom garderobane for skotøyskifte ved kvart friminutt. Garderobane har eigne inngangar. Prosjektet «svarar» på alle punkt godt på oppgåva og kravspesifikasjonane. Generelle klasserom er i snitt ca 77 m<sup>2</sup> og er godt møblerbare. Noko mindre enn i dei to andre prosjekta og programmert areal, men den arealinnsparinga kjem andre rom til gode. Alle kravde romfunksjonar er løyste.

Romproporsjonar framstår grundig gjennomtenkt og godt dimensjonerte for møblering.

Lærararbeidsplassar er desentraliserte til trinna i samsvar med kravet. Det arkitektoniske uttrykket er reinskore og enkelt. Dagslystilgangen er god.

Fasadematerialar er vedlikehaldsfrie fasadeplater. Universell utforming er godt ivareteke med trinnfri tilkomst til alle nivå.

#### **VEIDЕККЕ**

Forslaget har ein arealstorleik på 3082 m<sup>2</sup> NTA. (4.354 BTA) Tilkomsten frå Gate 4 tilrettelagt med parkeringsplass for 16 bilar nederst ved Gate 4 og 3 stk parkering for rørslehemma på snuplass ved hovudinngang mot sør. Hovudinngangen ligg skjerma mot framherskande vindretning og slagregn, men blir samstundes ganske bortgøymt. Tilkomst frå Gate 5 mot nord endar med bil på parkering for 16 og med 1 plass HK-parkering. Her er også parkering for sykklar og mopedar. Uteområdet er fint arrangert med plantesoner i bearbeidd terreng. Fleire høge terrrengmurar er nødvendig saman med mange terrengtrapper.

Mange terrengtrapper er arbeidskrevjande å snørydde noko som må gjerast manuelt, alternativt tinast med snøsmelteanlegg. Sjølv om prosjektet legg opp til HK-parkering og snuplass kan plassen også brukast til leik og spel.

Prosjektet viser to fløyar, A og B. Fløy B ligg på tvers av fløy A og konstruktiv uavhengig. Fløyane har innvendig («undertak») samband i 1. etg. I 2.etg er dei bundne saman med gangbru som er takoverbygd. Mellom og under gangbrua er der trapper som bind saman 1. etg nivå (cote 51) og 2.etg nivå (cote 55).

Alle elevane vert leia ut på ein og same leikeplass frå generelt undervisningsareal. Dette inviterer ikkje til trinnvis leik slik programmet legg opp til. Men det styrkjer leik på tvers av trinn og som

sosial møteplass. Lærararbeidsplassar er samla i 1 etg i fløy B, og er ikkje desentralisert til trinna slik kravspesifikasjonen krev. Dette er ein pedagogisk veikskap for prosjektet. I tilknytning til lærararbeidsplassane ligg også rom for spesialpedagogikk, også med same inngang. Dermed blir desse elevane skilt ut frå den store elevmassa og dermed dårlegare integrert. Planløysinga i 1.etg virkar uryddig. Den diagonale retninga som er innført, blir anstrengt og medfører dårleg arealutnytting. Administrasjonen er plassert langt frå inngangen og er såleis ikkje i samsvar med kravet. Hovudformene har «avklipte» hjørner. Det kunne vere eit arkitektonisk verkmiddel dersom det var tomtetilhøve eller andre bygningsvolum som tilsa eit slikt uttrykk, men i dette tilfellet er det meir som eit forsøk på å spare areal. Skråstilte veggjar er bra i musikkrom for å unngå fluter-ekko. Men elles gir dette mindre gode romformer. Rom for spesialundervisning held elles krava i spesifikasjonen. Universell utforming er løyst utomhus med rampe bak fløy B og god biltilkomst. Innvendig er det nødvendig med løfteplate i tillegg til heis. Det betyr meir vedlikehald og kostnad med heiskontroll.

## **SKANSKA**

Forslaget har ein arealstorleik på 3220 m<sup>2</sup> BTA (4.330 brutto), noko mindre enn programmert areal. Det er løyst med ei rektangulær blokk i 3 etasjar. Biltilkomsten er berre frå Gate 5. Frå Gate 4 er der berre tilkomst til fots. Det er heller ikkje lagt topp til parkering av sykklar eller mopedar frå Gate 4 som er den mest synlege og mest naturlege tilkomstsida med tanke på elevstraumen.

Hovudtilkomsten er lagt opp til å kome frå nord med parkering i 2 nivå nær- og nord for gymbygget. Hovudinngangen er dermed lett å oppfatte midt i mot. Sykkel og mopedparkering er langs veggjen til gym.bygget.

Området mellom den tenkte 3. etg blokka og gymbygget (cote 55) er også i dette prosjektet nytta til felles opphald, leike- og møteplass på tvers av skuletrinna. Prosjektet viser også ein festplass på sørenden (cote 52) med sitteamfi i terrenget og rampe opp til nivå på cote 55. Fint løyst.

Utearealet er godt tilrettelagt for fleire aktivitetar.

Innvendig romløysing er på fleire punkt ikkje i samsvar med kravspesifikasjonen. Slik det sentrale rommet er vist, med kantine og amfi, framstår det å vere underdimesjonert og dårleg løyst. Det ligg som ei sperre i trafikksona og rømingvegen og er alt for lite til å romme 250-300 elevar samtidig plassert att med bord. Kravspesifikasjonen seier også todelt skulekjøkken med delbart teorirom mellom. Dette er heller ikkje løyst i samsvar med kravet. Reint og tørt bygg vil fungere godt for generelt undervisningsareal, men dårleg for spesiell undervisning som er plassert i nederste etasje. Det vil vere vanskeleg å styre desse elevane tilbake til garderobane i 2. eller 3. etg. for skoskifte før pause. Prosjektet har smale trapper i forhold til så mange elvar som 80-90 pr trinn.

Sjølv om kravet til rømingbreidde er oppfylt, trengst større trappebreidde for å få nødvendig «trafikkflyt» når så mange skal inn og ut på same tid.

Grovgarderobane er også svært små i høve til elevtalet som skal gjennom og skifte (sko)tøy for kvart friminutt. Dei trange garderobane vil kunne medføre svinn av undervisningstid p.g.a trengsel. Det same kan seiast om smale trapper. Fasadematerialet er av resirkulert aluminium (kasettar).

Den konkluderer med slik prioritering av tilboda:

1. Skanska, sum vekting 7,16
2. HENT, sum vekting 6,85
3. Veidekke, sum vekting 6,59

Grunngjevinga ligg i vedlegget frå Nordplan AS. Det framgår også av dette at dersom ein ser bort i frå pris, har HENT det beste alternativet.

Prosjekta er førelagd lærarar og elevråd. Tilbakemeldinga frå begge er at dei likar alternativet frå HENT best.

Kommunen har fått førespurnad frå eigar av einebustad som ligg på nedsida «midt i» skuleområdet om kommunen vil kjøpe eignedomen. Alle tilboda har tatt omsyn til at bustaden ligg der, men det vil gje enklare utbygging og tilkomst om dette huset blir fjerna. Rådmannen vil difor følgje opp tilbodet frå eigar vidare.

## Vurdering / konsekvensar

I utgangspunktet skulle kommunen bygge ein ungdomsskule til kr. 160.500.000 ekskl. mva.

I økonomiplanhandsaminga for 2015 – 2018, vedtok kommunestyret ei ramme på 90,5 mill. ekskl. mva

I rådmannen sitt tal låg alle kostnader, inkl. mellombelse løysingar, inventar og byggeleing.

Når anboda likevel ligg over kommunestyret si ramme, er det grunn til å understreke følgjande: Rimelegaste anbod inneber ein m2-pris på kr. 25.636 pr brutto m2. Dette inkluderer då også rivinga av eksisterande bygg og opparbeidng av uteareal.

Kommunen skal bygge ein skule med 3 årskull og 3 parallellar. Med krav til klasseromstorleik, spesialrom, rom for tilsette og fellesfunksjonar som kantine, trafikkareale, garderobe og toalett, vil ein komme opp i eit visst areal. Kommunen har i sine førehandskalkyler nytta 3.310 m2 nettoareal. . Dei 3 tilboda er på Skanska 3220 m2, Veidekke 3.082 m2 og Hent 3.365m2.

Basert på byggeprisar er dei innleverte tilboda i underkant prismessig av det ein kunne forvente. Det er difor vanskeleg å sjå at ein kan kome rimelegare frå det enn føreliggande tilbod.

Alternativet med ei anna tomt har kommunestyret sakt nei til tidlegare. Konsekvensen av det ville også vere at ein blir sitjande med eksisterande bygningssmasse utan bruksføremål.

Kostnader som kjem i tillegg er byggeleing, midlertidige lokale, paviljongbygget, inventar, mogeleg innløyning av bustadhus.

Kommunen må ha ein ungdomsskule. Det er ikkje framlagd truverdig informasjon om at dette kan skje på ein rimelegare måte enn det føreliggande.

Dette blir sjølvstakt eit stort økonomisk løft for kommunen. I høve førre økonomiplan, har rentenivået gått ned. Det blir slik sett mindre årleg kostnad enn det rådmannen la til grunn for sitt framlegg då. For inneverande periode er det i vedtaket gjort ein vesentleg reduksjon til 90,5 mill for ny skule. Det må slik sett finnast rom for den meirkostnaden som det blir ved å bygge ny ungdomsskule.

Den vidare gong er at ein tildeler anbodet. Det vil så løpe klagefrist. Når denne er ute og om det ikkje ligg føre klager, må ein gå i kontraktstingingar med den som vert vald. Her må ein avklare om det er fråtrekk eller påplussingar.

Alternativet er å forkaste dei innkomne forslaga og starte på nytt. Kva ein i tilfelle skal oppnå med dette, er vanskeleg å spå. Som omtala i saka, skal ein bygge ny ungdomsskule, har det ein pårekeleg pris basert på areal og kostnadsnivå

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
164011	Evaluering av 3 totalentrepriser alt. b).pdf
161644	Vurdering av teikningar
160283	Skanska - Tilbud med vedlegg
164459	Skanska - Presentasjon - Vågsøy ungdomsskule -.pdf
160346	Tilbud totalentreprise forside - Vågsøy ungdomsskule
160412	Veidekke -Tilbud totalentreprise - Vågsøy ungdomsskule

160413 Presiseringar - vedlegg til tilbudsbrief  
 160415 Underentreprenørar  
 160349 Fane 1: Grunngeving val av nybygg/rehabilitering  
 164461 Veidekke - Presentasjon komprimert.pdf  
 160381 Tilbudsbrief - Vågsøy ungdomsskule  
 164462 HENT - Presentasjon - Fellesskap på tvers.pdf  
 160389 Fane 8: Beskrivelse av prosjekt - gjennomføring, organisering og tidsplan  
 165962 Kopi av kostnadsoverslag for ny skule - 06.05.2015.pdf

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	19.02.2015	Hent AS	Tilbudsbrief - Vågsøy ungdomsskule
1	I	20.02.2015	avd. Florø Skanska Norge AS	Tilbud - Vågsøy ungdomsskule totalentreprise
2	I	23.02.2015	Sandane Veidekke Entreprenør AS Sogn og Fjordane	Tilbud totalentreprise - Vågsøy ungdomsskule
4	X	23.02.2015		Signert protokoll anbudsåpning 23.03.2015 - Vågsøy ungdomsskule nybygg/rehabilitering
5	X	11.03.2015		Vurdering av teikningar
7	I	24.03.2015	Nordplan AS	Foreløpig evaluering - 3 totalentrepriser Vågsøy u.skule
8	R	07.04.2015	Svein Rotevatn	Vågsøy ungdomsskule - Tildelingskriterier
6	R	10.04.2015		SV: Vågsøy ungdomsskule - Tildeling
10	U	26.04.2015	Erik Silden	Korrespondanse vedr. hus i Gate 4
11	U	27.04.2015	avd. Florø Skanska Norge AS	Vedrørende avholdt konkurranse - Vågsøy ungdomsskule totalentreprise etter prekvalifisering
12	U	27.04.2015	Sandane Veidekke Entreprenør AS Sogn og Fjordane	Vedrørende avholdt konkurranse - Vågsøy ungdomsskule totalentreprise etter prekvalifisering
13	U	27.04.2015	Hent AS	Vedrørende avholdt konkurranse- Vågsøy ungdomsskule totalentreprise etter prekvalifisering
14	I	07.05.2015	Knut Ove Leite	Nytt vedlegg sak ungdomsskule i kommunestyret



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	07.05.2015	058/15
Kommunestyre	07.05.2015	029/15

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 15/579	Saksansvarleg: Knut Ove Leite
------------------------------------	------------------------	----------------------------------

### Kjøp av eigedom - Geir Sandal AS

#### Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommunen kjøper gbnr. 104/80 frå Geir Sandal AS for kr. 3.200.000.
2. Totale kostnader kr. 4.310.000 vert oppretta som 2 nye prosjekt der 50% er VAR-prosjekt. Prosjekta vert finansiert gjennom opptak av lån ved omdisponering innafor tidlegare vedteken låneramma for 2015.

#### 07.05.2015 Formannskap

##### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite og ordfører Morten A. Hagen orienterte.

##### Votering

Rådmannens innstilling vedtatt mot 1 stemme.

F-058/15

##### Formannskapets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommunen kjøper gbnr. 104/80 frå Geir Sandal AS for kr. 3.200.000.
2. Totale kostnader kr. 4.310.000 vert oppretta som 2 nye prosjekt der 50% er VAR-prosjekt. Prosjekta vert finansiert gjennom opptak av lån ved omdisponering innafor tidlegare vedteken låneramma for 2015.

#### 07.05.2015 Kommunestyre

##### Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

##### Votering

Formannskapets innstilling enstemmig vedtatt.

K-029/15

## Vedtak:

1. Vågsøy kommunen kjøper gbnr. 104/80 frå Geir Sandal AS for kr. 3.200.000.
2. Totale kostnader kr. 4.310.000 vert oppretta som 2 nye prosjekt der 50% er VAR-prosjekt. Prosjekta vert finansiert gjennom opptak av lån ved omdisponering innafor tidlegare vedteken låneramma for 2015.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelova  
Økonomireglementet

## Bakgrunn for saka

Kommunen har vore på jakt etter ny baseområde for Uteseksjonen. Det er no lagt inn bod på Geri Sandal AS sin eigedom i Deknepollen.

## Saksopplysningar / fakta

Kommunen sitt lager for uteseksjonen på Moldøen har frå etablering vore sett på som ei mellombels løysing. Det har over tid vore vurdert ulike alternativ som ikkje har materialisert seg i noko konkret.

Etter at firma Geir Sandal AS kjøpte seg nytt anlegg i Myrane Industriområde, har deira noverande anlegg i Ivahavet/Deknepollen vore ledig.

Kommunen har etter ei nærare vurdering lagt inn eit bod på 3,2 mill med atterhald om kommunestyret si godkjenning. I høve utarbeidd takst tilsvarer bodet tilrådd låneverdi. Marknadsverdi som ikkje er testa, er sett til 3,5 mill.

Det er då tenkt at anlegget skal tene som stasjonering for teknisk driftsavdeling og eigedomsavdelinga.

Eigedomen er regulert til industri-/næringsføremål og 3,6 da opparbeidd tomt. På bygget står ein isolert lagerbygning på 310 m<sup>2</sup> i et rom. Bygget har innlagt vatn og avløp i tillegg til div naglefast inventar som vil vere nyttig til kommunen sitt føremål. I tillegg er der ein barakke-/kontorbygning som seljar skal fjerne.

Kommunen ser føre seg å flytte barakkeriggen frå Moldøen, og at den blir plassert på en etg. i mur.

Kostnadsoppsett:

Kjøp eigedom	Kr. 3.200.000
Div gebyr	« 50.000
Flytting	« 90.000
Ny u.etg. for brakkerigg	« 570.000
Opprydding Moldøen	« 400.000
Sum kostnad	Kr. 4.310.000

Opprydding Moldøen til 400.000 er stipulert, det øvrige er innhenta prisoverslag. I opprydding på Moldøen ligg tilbakeføring til ei rydda flate. Ettersom lite er salgbart og må leverast som avfall, er kostnaden vanskeleg å førehandskalkulere.

Det må vere ei målsetting å finne eit føremålstenleg bruksområde av arealet. I første omgang får det tene som parkeringsareal knytt til friområdet på Moldøen.

## Vurdering / konsekvensar

Den aktuelle eigeodomen er veileigna til føremålet. Den er opparbeida og tilrettelagt for utvikling. Den vil gje eit framtidssretta tilbod for dei 2 tenesteområda. Næraste nabo er SFE si lokalavdeling.

Tenesteområdet for drift, må endre noko driftsform, der mindre vert lagra, og ein må i større grad basere seg på direkte levering av grus oa.

Finansieringa er 2-delt. Det vert rekna at 50% vert fordelt over VAR-budsjettet. Det øvrige vil bli delt likt mellom drift og eigeodom. Difftskostnadane vert ikkje vurdert å vere høgare i nytt anlegg enn i eksisterande.

I høve vedteken investeringsramme for 2015, vil denne på langt nær bli nådd. Prosjektet vert difor tilrådd finansiert gjennom omdisponering innafor vedteke investeringsbudsjett.

### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
165027	Takst Sandal.pdf
165028	Kjøpekontrakt Sandal.docx
165255	Base drift og anlegg 6100.docx
165256	Base drift og anlegg 7000.docx

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	L	20.04.2015		Kjøpekontrakt.
3	L	23.04.2015		SV: Kjøpekontrakt.
1	L	23.04.2015		Scannet dokument fra Vågsøy kommune
5	X	28.04.2015	Knut Ove Leite	Base Drift og Anlegg





SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	07.05.2015	030/15
Formannskap	23.04.2015	049/15

<b>Endeleg vedtak i:</b> Kommunestyret	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/243	<b>Saksansvarleg:</b> Knut Ove Leite
---	-------------------------------	---

### Lokale forskrifter - Åpen brenning og brenning av avfall i småovner - Feiing og tilsyn av fyringsanlegg - Tilsyn i brannobjekter

#### Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommunestyre vedtek følgjande lokale føreskrifter::

1. Åpen brenning og brenning av avfall i småovner
2. Feiing og tilsyn av fyringsanlegg
3. Tilsyn i brannobjekt

#### 23.04.2015 Formannskap

##### Møtebehandling:

Ingen merknader.

##### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-049/15

##### Vedtak:

Vågsøy kommunestyre vedtek følgjande lokale føreskrifter::

1. Åpen brenning og brenning av avfall i småovner
2. Feiing og tilsyn av fyringsanlegg
3. Tilsyn i brannobjekt

#### 07.05.2015 Kommunestyre

##### Møtebehandling:

Ingen merknader.

##### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

K-030/15

## **Vedtak:**

Vågsøy kommunestyre vedtek følgjande lokale føreskrifter:

1. Åpen brenning og brenning av avfall i småovner
2. Feiing og tilsyn av fyringsanlegg
3. Tilsyn i brannobjekt

## **Aktuelle lover, forskrifter og plandokument**

Lov om brann- og eksplosjonsvern.  
Sentrale forskrifter gitt i medhald av lova.

## **Bakgrunn for saka**

Lova opnar for å gje lokalt tilpassa lokale forskrifter. Dette er gjort i mange kommunar tidlegare og framlegga som ligg ved har teke utgangspunkt i det som er vedteke i andre kommunar.

I medhald av forvaltningslova § 37 skal forskrifter leggest ut til høyring før vedtak i kommunestyret. Etter vedtak skal forskriftene kunngjerast i Norsk Lovtidende.

## **Saksopplysningar / fakta**

Formannskapet har tidlegare i sak 23 /15 vedteke å legge saka ut til offentleg høyring. Dette var gjort kjent i Fjordenes Tidende og på heimesida med frist på 3 veker til å kome med merknader.

Slike er ikkje innkomne

Basert på trong for å presisere lokale tilhøve og også tilpasse seg endring over tid når det gjeld folk sin bruk av fyring som varmekjelde.

Auka bruk av varmpumper gjer trongen for feiing mindre, og det ligg i forskrifta mynde til brannsjefen å fastlegge behovsprøvd feiing og tilsyn, men då slik at feiing minimum skal skje kvar 4. år, og det same med tilsyn med fyringsanlegg i bustader.

Anlegg der fyring framleis skjer, vil ha hyppigare feiing.

Vidare legg ein opp til å vedta forskrift som regulerer utandørs brenning og brenning av avfall. Den 3. forskrifta gjeld tilsyn på nærare definerte objekt. Dette gjeld objekt som ikkje er direkte omtala i lova.

## **Vurdering / konsekvensar**

Forskriftene gir ei fornuftig klargjering og presisering av lova i høve lokale tilhøve. Den avklarar også mynde lagt til brannsjefen og saksgang ved klager. Det siste fyl reglane i Brannvernlova eller der det ikkje er aktuelt, forvaltningslova når det gjeld brukarar sin klagerett..

Rådmannen har elles ikkje merknader i saka

Vedlegg:

Dok.nr  
159368  
159347  
159346  
161351

Tittel på vedlegg  
Lokal forskrift for feiing og tilsyn av fyringsanlegg.docx  
Lokal forskrift om tilsyn i brannobjekter.docx  
Utkast til lokal forskrift om åpen brenning og brenning av avfall i småovner  
Annonse - Høyring Lokale forskrifter

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
5	U	06.03.2015	Fjordenes Tidende	Annonse - Høyring Lokale forskrifter

